



NOREGS HØGSTERETT

Den 12. september 2014 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Indreberg og Bull i

HR-2014-01812-U, (sak nr. 2014/1566), sivil sak, anke over kjennelse:

A (advokat Steinar Sørлие)

mot

B
C (advokat Hans Kristian Skarpholt)

sagt slik

O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld særskilt anke over lagmannsrettens avgjerd om sakskostnader.
- (2) Hausten 2009 vart det inngått avtale mellom B og C og D AS om mellom anna oppføring av ei hytte på X. A er styreleiar og dagleg leiar i D AS. Det vart etter kvart usemje om framdrift og økonomi i samband med arbeidet.
- (3) B og C reiste 16. oktober 2012 sak for Aust-Telemark tingrett, med krav om betaling av dagmulkt, retting av manglar, prisavslag, erstatning og utlevering av nøklar. Både D AS og A personlig vart saksøkte. D AS reiste på si side motsøksmål med krav om at B og C skulle betale resten av kjøpesummen.
- (4) Aust-Telemark tingrett gav dom 13. september 2013 med slik slutning:

"I hovedkravet:

1. **D AS v/styrets leder og A personlig dømmes til in solidum å betale kroner 416 887 - firehundreogsekstentusenåttehundreogåttisju - til B og C innen 2 - to - uker fra forkynnelsen av denne dom med tillegg av forsinkelsesrenter fra forkynning av dommen til betaling skjer.**
2. **D AS v/styrets leder og A personlig frifinnes for B og C sitt krav om utlevering av ett siste sett med nøkler.**
3. **D AS v/styrets leder og A personlig dømmes in solidum til å betale prisavslag med**

kroner 121 000 - etthundreogtjuetusen - og erstatning med kroner 43 750 - førtitretusensjuhundreogfemti - til B og C innen 2 - to - uker fra forkynnelse av denne dom med tillegg av forsinkelsesrenter fra forkynning av dommen til betaling skjer.

4. D AS v/styrets leder og A personlig frifinnes for B og C sitt krav om å tilbakebetale et beløp begrenset oppad til kroner 349 900 - trehundreogførtinitusennihundre -.
- 5- D AS v/styrets leder og A personlig dømmes til in solidum å betale kroner 300 000 - trehundretusen - i sakskostnader innen 2 - to - uker fra forkynningen av denne dom.

I motkravet:

1. B og C frifinnes."

(5) Det går fram av domspremissane at tingretten ikkje fann vilkåra for personleg ansvar i aksjelova § 17-1 oppfylte for A.

(6) D AS og A anka til lagmannsretten, med unntak av slutninga punkt 2 og 4. A sette fram slik påstand for lagmannsretten:

- "1. A frifinnes.
2. B og C dømmes til in solidum å betale sakskostnadene for tingretten og lagmannsretten."

(7) Agder lagmannsrett gav dom 27. juni 2014. Dommen hadde slik slutning:

"I anken:

1. D AS vert frifunnen for krav om dagmulkt på kr. 416 887,- -kronerfirehundreogsekstentusenåttehundreogåttisju-.
2. B og C vert frifunnen for D AS sitt krav om vederlag.
3. D AS vert dømd til å betala til B og C prisavslag med i alt kr. 191 000,- - kronereitthundreognittieintusen- innan 2 -to- veker frå forkynninga av denne dommen.
4. I saka som gjeld A personleg, vert denne frifunnen.

I avleidd anke:

1. D AS vert frifunnen for krav om attendebetaling av vederlag.

Sakskostnader:

1. D AS betalar til B og C i sakskostnader for lagmannsretten kr. 175 000,- - kronereitthundreogsyttifemtusen - innan 2 - to - veker frå forkynninga av denne dommen. For øvrig ber partane sine egne kostnader.
2. Tingretten si sakskostnadsavgjerd vert stadfesta, med unntak av at A vert frifunnen for solidaransvar for kostnadene."

(8) A har anka til Høgsterett. Anken gjeld rettsbruken og saksbehandlinga. Han har halde fram at han skulle vore tilkjend sakskostnader for tingretten og lagmannsretten ettersom han har vunne saka. Subsidiært er det gjort gjeldande at domsgrunnane er mangelfulle når det gjeld

sakskostnadskravet.

- (9) *B og C* har gjort gjeldande at anken bør nektast fremja i medhald av tvistelova § 30-4. Det er ikkje nærliggjande at feilen kan ha hatt innverknad på lagmannsrettens avgjerd. Manglande samsvar mellom domspremissar og domsslutning hos tingretten kunne ha vore kravd retta etter tvistelova § 19-8 andre ledd. Alternativt kunne det ha vore kravd tilleggsavgjerd for sakskostnadene for begge instansane. For det tilfelle at Høgsterett behandlar anken, er det gjort gjeldande at *B og C* ikkje kan dømmast til sakskostnader for lagmannsretten.
- (10) *Høgsteretts ankeutval* viser til at anken gjeld lagmannsrettens lovtolking og saksbehandling, som utvalet kan prøve, jf. tvistelova § 20-9 tredje ledd.
- (11) I tingretten vart *A* dømd til å betale beløpa i domskonklusjonen punkt 1, 3 og 4 og han vart pålagt solidarisk ansvar med *D AS* for 300 000 kroner i sakskostnader. Av domsgrunnane går det fram at retten kom til at avviket frå handlingsnorma var for lite til at *A* sin handlemåte kunne utløyse ansvar for han etter aksjelova § 17-1.
- (12) Spørsmålet om sakskostnader skal avgjerast separat for kvar part. *A* vart frifunnen i lagmannsretten. Hovudregelen er at han då skulle vore tilkjend fulle sakskostnader både for tingrett og lagmannsrett, jf. tvistelova § 20-2 og § 20-6. Resultatet hos lagmannsretten synest å vere at *A og B og C* i tvisten mellom dei skal bere eigne sakskostnader for tingretten og lagmannsretten. Spørsmålet er elles ikkje nærare drøfta, slik at det eventuelt er grunnlag for å overprøve unntaket frå hovudregelen.
- (13) Anken frå *A* fører såleis fram, og ut frå resultatet må han då tilkjennast sakskostnader for anken til Høgsterett. Utvalet er kome til at det ikkje er grunnlag for unntak fordi *A* kunne krevje retting av domsslutninga eller tilleggsdom.
- (14) Ved retting ville det ikkje vore høve til å gå inn på om det eventuelt skulle gjerast unntak frå hovudregelen om at den vinnande parten skal tilkjennast sakskostnader, og det ville heller ikkje vere mogeleg å ta stilling til kor store sakskostnadene skulle vere.
- (15) Lagmannsretten har i slutninga punkt 3 *I under sakskostnader** sagt at partane for øvrig "ber sine eigne kostnader". Det er då ikkje plass for tilleggsdom om sakskostnadsspørsmålet.
- (16) Sakskostnadene for Høgsterett blir sette til 9 160 kroner, der 4 000 kroner er salær og 5 160 kroner er rettsgebyr.
- (17) Orskurden er samrøystes.

SLUTNING:

1. Lagmannsrettsdommen, slutninga om sakskostnader punkt 1 og 2, blir oppheva.
2. I sakskostnader for Høgsterett betaler B og C til A 9 160 – nituseneitthundreogseksti – kroner innan to – 2 – veker frå forkynninga av orskurden.

Hilde Indreberg
(sign.)

Karl Arne Utgård
(sign.)

Henrik Bull
(sign.)

**Rettet 7. oktober 2014 i medhold av tvisteloven § 19-8 første ledd jf. annet og fjerde ledd.*

Henrik Bull
(sign.)

Rett utskrift: